

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Fylkesrådmann  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

Førde, 27.mars 2015

#### RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE - UTTALE

SAFO er ein brukarorganisasjon som ivaretek rettane til medlemane i Forbund for Utviklingshemmede (NFU), Norges Handikap Forbund (NHF) og Forening Norges Døvblinde (FNDB). Vi er gjort kjent med at Fylkestinget skal vurdere å endre reglementa for Fylkesrådet for eldre og Fylkesrådet for funksjonshemma.

Vi ser i saksframlegg 15/1745-1 at bakgrunnen for endring av reglementa for Fylkesrådet for funksjonshemma og Fylkesrådet for eldre, er finansielle grunnar. Forslaget er å ha personsamanfall mellom råda og på denne måten spare 0,12 mill i året.

Vi er redd denne endringa vil gå utover rettane til menneske med nedsett funksjonsevne. SAFO sluttar seg til uttalen frå FFO samt Fylkesrådet for funksjonshemma sitt vedtak i saka.

I tillegg vil SAFO minne FT om kvifor vi har råd for funksjonshemma/ råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet skal gje råd til utval og fylkesting som har sluttande mynde, og å varsle om tilhøve som er til hinder for at innbyggjarane med nedsett funksjonsevne skal kunne delta på alle områder i samfunnet.

SAFO fryktar at personsamanfall i fylkesråda for eldre og for menneske med nedsett funksjonsevne vil gjere det vanskeleg å fremje saker for våre medlemar og dette vil gå utover føremålet med rådet. Vi ber om at Fylkestinget ikkje vedtek ei ordning som inneber personsamanfall i råda – som eit sparingstiltak i budsjetthandsaming 2015-2019.

Helsing

Gry Sætre, NFU Sogn og Fjordane og Solfrid Fossberg, NHF Nord/Vest



**Norges Handikapforbund**  
- likeverd og likestilling

